



På ferie hos bestemor





 Violet Otieno

Catherine Groenewald

Espen Stranger-Johannessen, Martine

Rørstad Sand

4


 nynorsk 



Global Storybooks

globalstorybooks.net


På ferie hos bestemor

 Violet Otieno

Catherine Groenewald

Espen Stranger-Johannessen, Martine

Rørstad Sand




This work is licensed under a Creative Commons


[Attribution 4.0 International License.](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0)

<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0>







Odongo og Apiyo budde i byen med far sin. Dei såg fram til ferien. Ikkje berre fordi skulen var slutt, men fordi dei skulle vitja bestemor si. Ho budde i ein fiskarlandsby nær ein stor innsjø.



Odongo og Apiyo var begeistra fordi det var på tide å vitja bestemor igjen. Kvelden før pakka dei veskene sine og gjorde seg klare for den lange reisa til landsbyen hennar. Dei fekk ikkje sova, og dei snakka heile natta om ferien.




Tidleg neste morgon drog dei til landsbyen i bilen til far sin. Dei køyrde forbi fjell, ville dyr og teplantasjar. Dei talde bilar og song songar.





Då Odongo og Apiyo drog tilbake til skulen, fortalde dei venene sine om livet på landet. Nokre born syntest at livet i byen var godt. Andre syntest at landet var betre. Men viktigast av alt var at alle var samde i at Odongo og Apiyo hadde ei fantastisk bestemor!

Odongo og Apiyo klemde henne hardt og tok farvel.




Etter eit bel vart borna trøytte og sovna.







Faren vekte Odongo og Apiyo i det dei kom til landsbyen. Dei fann Nyar-Kanyada, bestemor si, som kvilte på ei matte under eit tre. På luo tyder Nyar-Kanyada «dottera til Kanyada-folket.» Ho var ei sterk og ven kvinne.




Då far deira kom for å henta dei, ville dei ikkje dra. Borna trygla Nyar-Kanyada om å verta med dei til byen. Ho smilte og sa: «Eg er for gammal for byen. Eg skal venta på at de kjem tilbake til landsbyen min.»




Nya-kanyada ynskte dei velkomen og dansa rundt i rommet medan ho song av glede. Barneborna hennar var begestra over å overrekka gåvene dei hadde teke med frå byen. «Opne gåva mi først», sa Odongo. «Nei, gåva mi først!» sa Apiyo.



Men snart var ferien over og borna måtte dra tilbake til byen. Nyar-kanyada gav Odongo ei skuggelue og Apiyo ein genser. Ho pakka mat for reisa deira.




Etter at ho hadde opna gåvene, velsigna Nyar-Kanyada barneborna sine på tradisjonelt vis.





Då dagen var omme, drakk dei krydra te saman. Dei hjelpte bestemor med å telja pengane ho hadde tent.

Så gjekk Odongo og Apiyo ut. Dei jaga sommarfuglar og fuglar.




Ein annan dag drog borna til marknadsplassen saman med Nyar-kanyada. Ho hadde ei bu der ho selde grønsaker, sukker og sape. Apiyo likte å fortelja kundane prisen på varene. Odongo pakka varene som kundane kjøpte.





Dei klatra i tre og plaska i vatnet i innsjøen.




Ein morgon tok Odongo kyrne til bestemor si ut for å beita. Dei sprang inn på garden til ein nabo. Bonden vart sint på Odongo. Han truga med å halda på kyrne sidan dei åt avlinga hans. Etter den dagen sørgde guten for at kyrne ikkje skapte trøbbel igjen.

Nyar-kanyada lærde barneborna sine
korleis dei skulle laga mjuk ugali for å eta
saman med ein gryterett. Ho viste dei
korleis dei skulle laga kokosris for å eta
saman med grilla fisk.


14

Da det vart mørkt, gjekk dei tilbake til
huset for å eta middag. Før dei vart ferdige
med å eta byrja dei å falla i søvni!

11



Dagen etter kørde far deira tilbake til byen og lét dei vera igjen hos Nyar-Kanyada.



Odongo og Apiyo hjelpte bestemor si med gjeremåla i huset. Dei henta vatn og ved. Dei samla egg frå hønene og plukka grønsaker frå kjøkkenhagen.